ALVER
KOMMUNE

Are Markussen
Breimyra 26
5134 FLAKTVEIT

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Morten Mangerøy Helland | 22.12.2020 |
| Vår: 20/17753 - 20/81534 | morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no | |

# Feilretting av grense i matrikkelkartet gbnr. 351/29 - Alver kommune

Kommunen har fått inn ein henvendelse frå eigar av gbnr. 351/29, angåande feil i matrikkelkartet. Eigar ber om feilretting med utgangspunkt i skylddelingsdokument.

Eigedomen gbnr. 351/29 ligg i dag i matrikkelkartet som ein sirkeleigedom, som betyr at plasseringa og grensene ikkje er lagt inn i matrikkelkartet. Eigar ber no om at grensene vert lagt inn i samsvar med dei opplysningane som står i skyldskifte.

Det er etter det sakshandsamar ser ikkje mogleg å finne faste haldepunkt å gå ut i frå for å rekonstruere eigedomen. Me har sett gjennom både nye og eldre kart/ortofoto. Forslaget til retting vert derfor basert på det forslaget som eigar har sendt inn. Dette forslaget stemmer med lengdene frå skyldskifte.
Det er presisert at grensa i nord ikkje skal krysse grensa mot gbnr. 351/45, men at det skal vere eit mellomrom. Det er tatt hensyn til i kart med forslag til retting utarbeida av kommunen.
Legg og merke til at sjølinja ikkje er nøyaktig innlagt i kartet.

**NB:**
Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument som er rettslig bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ei retting av feil i kartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte og mulig berørte naboar vert med dette varsla om forslag til retting, og me ber om at dersom du har merknadar til rettinga gjer oss ein tilbakemelding innan **15.01.2020**. Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoen vert grensene ført i matrikkelen som beskreve. I etterkant av matrikkelføring vil partane ha formell klagerett.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 20/17753. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
351-29-Forslag til retting
Kartvedlegg til krav om retting
Skylddeling 351-29

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Are Markussen | Breimyra 26 | 5134 | FLAKTVEIT |
| Eva Marie Husebø | Auklandsvegen 61 | 6905 | FLORØ |
| Geir Husebø | Alfred Offerdals vei 25 i | 5165 | LAKSEVÅG |
| Janne Mari Kvalheim | Breimyra 26 | 5134 | FLAKTVEIT |